



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/525 - 17/4847

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

10.03.2017

Søknad om bygging av landbruksveg på Gbnr. 15/2 Hopland i Meland kommune

Tiltak: Bygging 74 meter ny landbruksveg i vegklasse 3 og opprusting av 27 meter eksisterande landbruksveg til vegklasse 3

Gbnr: 15/2

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 07.04.2017

Meland kommune har motteke søknad frå Svein Rune Nedreås om å få byggja 74 meter landbruksveg i vegklasse 3 som nyanlegg og opprusting av 27 meter eksisterande landbruksveg til vegklasse 3. Det vert søkt om nyanlegg og opprusting for å få lettare tilkomst til gjødsellager, betre tilkomst til jordbruksareal og i samband med mogleg utbygging av ny driftsbygging.

Bygginga og opprustinga av landbruksvegen vil vere eit viktig tiltak for å betre tilkomsten i jordbruksdrifta på bruket. I dag går vegen mellom driftsbygning og kårbolig, dette gjer det svært tungvint å kome fram med traktor i drifta av jordbruksarealet. I dag må søkjar rygge ned med traktor og gjødselvoan for å kunne komme til gjødsellager. I samband med slåttan er det også smalt og vanskeleg å komme til jordbruksareala på ein enkel og rasjonell måte. Det er om lag 5 meter bredt mellom kårboligen og kanten i terrenget der driftsbygningen. Ein ny veg vil gjere tilkomsten til store delar av jordbruksareala på eigedomen enklare og letta tilkomsten til gjødsellager. Ein god tilkomst til areal og bygningar er eit viktig middel for å drive rasjonelt og kostnadseffektivt. Søkjar vurderer å byggje ny driftsbygning, på grunnlag av plassering av ny bygning er det naudsynt med ein ny veg i samband med ein utbygging. Plasseringa av bygget er gjort med bakgrunn i topografien på bruket, og det er ikkje mogleg å byggje ny driftsbygning da dagens veg er for smal til at lastebil kan køyre på den på ein trygg måte.

Søkjar er i prosess med å søkje om ny avkjørsel frå kommunal veg. Meland kommune er nærmaste nabo, og har blitt varsla i samband med søknadsprosessen.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka vert handsama. Saka vert sendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Søknadsskjema og kart over tiltaket er lagt ved.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknadsskjema og kartvedlegg gbnr. 15-2

Kopi til:

Svein Rune Nedreås	Hoplandsvegen 165	5918	FREKHAUG
--------------------	----------------------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga	5020	BERGEN
Meland kommune v/ kulturavdelinga		